

Fra: Velaug Mo Veum [Velaug.Mo.Veum@sfj.no]
Til: Driftstenesta - arkiv [Driftstenesta-arkiv@sfj.no]
Kopi: Oddveig Hove [Oddveig.Hove@sfj.no]
Sendt: 08.02.2016 15:31:17
Emne: VS: Ny veg Skipavika
Vedlegg: image001.png

Hei

Ber om at epostane nedanfor (ein frå Hallvard Oppedal og ein frå meg) vert registrerte på ESA 15/8194.
Takk for hjelpa!

Med helsing
Velaug Mo Veum
fylkesdirektør for samferdsel
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | Velaug.Mo.Veum@sfj.no
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 41530974

Fra: Hallvard Oppedal [mailto:Hallvard.Oppedal@gulen.kommune.no]
Sendt: 7. februar 2016 20:26
Til: Velaug Mo Veum
Kopi: lars@kvantum.as; Noralv Distad; Arnstein Menes; Helen Hjertaas; Sigurd Erlend Reksnes; Gunn Karin Sande; Harald Bjarte Reite; Bjørn Erik Hollevik; Gunhild Alis Berge Stang; Stein Faleide Malkenes; Jenny Ellaug Følling
Emne: SV: Ny veg Skipavika

Takkar for orienteringa ang. Fv-4 Ånneland Skipavika som skal opp som skriv-og meldingssak i Hovudutval for samferdsle tysdag den 9. frbr. Eg ser at saka er unnateke offentlegheit, så difor vel eg å svare på eposten med kopi til medlemmene i Hovudutvalet.

Saka gjeld frå starten omklassifisering av Fv-4 til kommunal veg. Dette var ein av fleire vegar som skulle omklassifiserast som fylje av ny veg til Byrknes. I tida som gjekk etter dette vart det etablert eit stort industriområde på Skipavika som gjorde til at Gulen kommune meinte at det framleis burde vere Fylkesveg fram til Skipavika. Dei andre vegane som var tenkt overførde har det ikkje vore noko ueinighet om.

Vegen frå Ånneland til Skipavika er av ein standard som ikkje toler den trafikken som no vert utløyst av industriutviklinga, og slik kom det opp at dersom vi kunne samarbeide om ein ny, kortare veg til Skipavika frå Brandangersundbrua så kunne vi flytte kostnader frå opprustning av eksisterande veg over på ny, og då kunne Gulen kommune overta den eksisterande slik den ligg i dag.

I sak 8/15 i Hovudutval for samferdsle vart det gjort vedtak om utsetting av saka, og før saka vert behandla på nytt skal det gjennomførast drøftingar med Gulen kommune og Skipavika Næringspark AS for å avklare kva mogelegheite desse har for medfinansiering.

Dette møte har vi ikkje hatt, og eg vil be om at utvalet ikkje gjer noko vedtak no før vi har hatt møte. Eg vil nemne dei viktigaste argumenta for at vi må få på plass ein ny veg.

1. Næringsutvikling er viktig å legge til rette for, spesielt slik utfordringane er på vestlandet no. Skipavika med dei etableringane som er gjort der er ein svært framtidretta satsing, både innanfor hamnetenester i Noregs mest traffikerte fjord, olje og gass, nye næringar som det føreligg konkrete planar om som autorisert sagbruk/tømmerterminal, produksjon for mikroalgar for omega 3 rikt fiskefor. Vi snakkar om eit næringsområde på 1000 mål på sikt, og fleire hundre arbeidsplassar.
2. Bygda på Sande toler ikkje ein slik trafikkvekst, med tungtrafikk gjennom hagen til innbyggjarane. Den nye vegen vil bli hovudtransport for bygda i tillegg til næringslivet.
3. Kostnadsvurderinga som SVV har gjort er misvisande når vi har ein entrepinør som tek på seg å bygge vegen til halvparten av SVV sitt lågaste estimat. Det er enkelt å bygge veg der traseen er lagt i Skipavika, og arbeidet med regulering er no i slutfasen med KU som er ute på høyring i desse dagar. SVV har heller ikkje sett på kva kostnad det er med å oppruste eksisterande veg til ein standard der Gulen kommune kan ta den over. Dei held seg til det som er avsett i budsjettet, noko som er mykje for lågt.
4. Gulen kommune er villig til å ta over den gamle vegen slik den ligg i dag dersom det vert ei løysing på ny veg.
5. Gulen kommune og næringslivet er villige til å sjå på eit samarbeid om både bygging og forskottering.

Dette til orientering til møte på tysdag. Vonar utvalet fyl opp det vedtaket som vart gjort i sak 8/15, og at vi kjem i ein god dialog om saka. I den fassen må vi også få klarheit i korleis vi på beste måte løyser desse tinga, og kven som eventuellt skal stå som byggherre for prosjektet.

Med venleg helsing

Hallvard Oppedal

Ordførar


Tlf: 57782002 Mob: 41513958

Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 EIVINDVIK

Tlf: 57782000 www.gulen.kommune.no

Ny informasjonsbrosjyre for Gulen:

http://www.visbrosjyre.no/gulen_kommune/WebView/



Fra: Velaug Mo Veum [<mailto:Velaug.Mo.Veum@sfj.no>]

Sendt: 4. februar 2016 19:15

Til: Hallvard Oppedal

Kopi: lars@kvantum.as

Emne: Ny veg Skipavika

Hei

Til orientering:

Hovudutval for samferdsle har møte 9. februar i Aurland.

Utvalet vil då bli orientert om initiativet dykkar for å få bygd ny veg frå Skipavika og nordover til brua over Brandangersundet.

Statens vegvesen (SVV) har gjort ei vurdering av Gulen kommune sitt kostnadsoverslag (frå Magne Hope AS). Dette er på 14,5 mill. kr + grunnverv og mva.

SVV skriv: «SVV har lite erfaring med gjennomføring av prosjekt til så låg meterkostnad som oppgitt, men kan ikkje sjå vekk frå at det er mogleg å gjennomføre prosjektet til ein slik kostnad.

Brevet frå Gulen kommune er uklart på kven dei har tenkt skal vera byggherre for prosjektet.»

SVV har gjort ei vurdering av kostnaden ved ein slik veg som er planlagt.

SVV skriv: «Vi har lagt til grunn at prosjektet gjennomførast som totalentreprise med stor fleksibilitet i høve horisontal og vertikal linjeføring samstundes som kvalitet, HMS og dokumentasjon av bygd anlegg tilfredstiller normale krav i utbyggingskontraktar.» SVV kjem fram til at kostnaden med veganlegget kan bli mellom ca 30 mill. kr. (lågt nivå) og noko over 40 mill. kr. (høgt nivå).

SVV skriv vidare «Vi gjer merksam på at det er stor uvisse i desse kostnadane, då vi veit svært lite om mengder etc. Vi har ikkje vurdert kor mange møteplassar vi må ha på strekninga, men teke noko høgde for det i dei prisane vi har nytta.»

Asfaltering og grøfterensk av fv 4 Skipavik – Ånneland er vurdert å koste ca 3,5 mill. kr. Dette er det sett av midlar til i vedlikehaldsbudsjettet. Dette beløpet er svært langt frå kva ny veg vil koste!

Som vi har opplyst om fleire gonger tidlegare er ikkje ny veg prioritert i vedteke Handlingsprogram for regional transportplan.

Arbeidet med ny regional transportplan startar no og planen skal vedtakast i desember 2017.

Forskotering krev også at veganlegget er mellom dei prioriterte prosjekta i handlingsprogrammet.

Med helsing
Velaug Mo Veum
fylkesdirektør for samferdsel
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | Velaug.Mo.Veum@sfj.no
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 41530974